



Til medlemene i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Møterom I etg., Kommunehuset

Dato: 15.10.2013

Tid: 14:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhold	Lukka
PS 4/13	Saker til handsaming Gjennomgang av programområde 3, 4, 5 og 1	

Saker til handsaming

Saker til handsaming

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		24.10.2013
Eldreråd		15.10.2013
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4/13	15.10.2013

Gjennomgang av programområde 3, 4, 5 og 1**Saksdokument:**

- Rapport frå Agenda Kaupang AS om programområde 3 – Helse og omsorg
- Vurdering av rapport frå Agenda Kaupang AS

Saksutgreiing:

I kommunestyret sitt møte 13. desember 2012 fatta kommunestyret fylgjande vedtak (sak 70/2012):

"Seljord kommune vil gjennomføre ein grundig gjennomgang av programområde 3, 4, 5 og 1, med målsetting om at ein skal realisere ein innsparing på om lag 3 millionar kroner med årleg verknad frå budsjettåret 2014. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 opprettar kommunestyret ein komité/styringsgruppe som skal gjennomføre gjennomgangen av programområda og levere ei innstilling til kommunestyret før 1. oktober 2013. Komiteen/styringsgruppa vert sett saman av medlemmane i formannskapet med tillegg av Sosialistisk Venstreparti sitt kommunestyremedlem. Ordføraren er leiar for komiteen/styringsgruppa med varaordføraren som nestleiar."

Styringsgruppa/komiteen er oppretta med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 og fylgjer kommunelova sine krav til sakshandsaming i eit folkevalt organ. Denne innstillinga er organet si møtebok. Styringsgruppa/komiteen er eit saksførebuande organ som leverar ei innstilling til kommunestyret. Rådmannen har, etter avtale med ordføraren, stilt kommunalsjefen for Helse og omsorg (PO3) til disposisjon som sekretær for styringsgruppa/komiteen.

Formannskapet fatta vedtak i møtet 10. januar 2013 om å løyve inntil kr 250 000 for å nytte ekstern bistand til gjennomgang av PO 3, vedtaket (sak 7/2013) vart fatta med heimel i Kommunelova § 13. Etter anbudsrunde vart det inngått avtale med Agenda Kaupang AS om ein gjennomgang av PO 3 med den hensikt å redusere netto driftskostnader til PO 3 med kr 3 mill. Agenda Kaupang AS starta sitt arbeid 13. mars

og leverte endeleg rapport med presentasjon til styringsgruppa 20. august 2013. I løpet av denne perioden gjennomførte Agenda Kaupang AS telefonintervju med kommunalsjef, avdelingsleiarar og tillitsvalde, og det vart gjennomført to møte med informantane samla.

I møte i styringsgruppa 11. september presenterte kommunalsjef for helse- og omsorg faglege kommentarar til rapporten. Etter drøfting i styringsgruppa vart det lagt fram fylgjande framlegg til vedtak:

Fleirtalet, satt saman av medlemmane frå Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg folkeparti og Venstre, legg fram fylgjande innstilling til kommunestyret:

I samband med politisk handsaming av Gul bok i desember 2012 vart det avklara at det var naudsynt å betre kommunen sin økonomi. Rådmannen la fram to prinsipielle framlegg:

1. Innføring av eigedomsskatt
2. Tiltak for å auke kommunen sine inntekter og kutte kommunen sine utgifter.

Kommunestyret samla seg om fylgjande vedtak:

"Seljord kommune vil gjennomføre ein grundig gjennomgang av programområde 3, 4, 5 og 1, med målsetting om at ein skal realisere ein innsparing på om lag 3 millionar kroner med årleg verknad frå budsjettåret 2014. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 opprettar kommunestyret ein komité/styringsgruppe som skal gjennomføre gjennomgangen av programområda og levere ei innstilling til kommunestyret før 1. oktober 2013. Komiteen/styringsgruppa vert sett saman av medlemmane i formannskapet med tillegg av Sosialistisk Venstreparti sitt kommunestyremedlem. Ordføraren er leiar for komiteen/styringsgruppa med varaordføraren som nestleiar."

I fyrste omgang har styringsgruppa sette på programområde 3 (Helse og omsorg). Det er gjennomført ein analyse av firma Agenda Kaupang AS som visar at det er mogleg å ha lågare utgifter i programområdet. I tillegg vil styringsgruppa be rådmannen om å auke inntektene i programområde 3 og 5 i samband med handsaming av Gul bok for 2014-2017. Denne inntektsauka er stipulera til minimum kr. 500.000,- i PO 3 og kr 300.000 i PO 5.

For å realisere ein innsparing på om lag 2,5 millionar kroner vil styringsgruppa tilrå at kommunestyre vedtek å gjennomføre eit prosjekt i to fasar. I fase ein som varar til 1. april 2014 skal det fattast vedtak om organisatoriske endringar og gjennomførast analyser som gjer det mogleg å ta ut ein innsparing på om lag 2,5 millionar kroner innan 1. oktober 2014. Fase to frå 1. april 2014 til 1. oktober 2014 er praktisk omorganisering som realiserer innsparinga.

Omorganisering og innsparing skal byggje på rapporten frå Agenda Kaupang AS, og gjennomførast i samsvar med retningsliner for omstilling i Seljord kommune og gjeldande avtaleverk.

I tillegg vert administrasjonen beden om å vurdere fylgjande område:

- Turnusordningar med vekt på å spare inn ved å legge om turnusen frå kvar 3. til kvar 2. helg
- Alternativ turnus ved Heddelitunet (t.d. Nordsjøturnus)
- Hamarøymodellen for eventuell ombygging av Heddeli bu- og servicesenter

Rådmannen rapporterer om framdrift i arbeidet til formannskap/økonomiutval. Agenda Kaupang AS nyttast som rådgjevar i det vidare arbeidet. Styringsgruppa rår kommunestyret til å utvide kostnadsramma for konsulentbistand frå kr 250.000,- til kr 300.000,-. Midlar vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Mindretalet, satt saman av medlemmane frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, legg fram fylgjande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten frå Agenda Kaupang til etterretning og ber rådmannen gjera fylgjande :

Ved å auke inntektene i PO 3 og PO 5 kan ein få ein meirinntekt på kr. 500 000.- til 1 million.

Vidare vil ein ved å gjennomføre tiltaka Rapporten frå Agenda Kaupang, kunne oppnå ein meir framtidsretta og effektiv drift av PO 3.

Ut frå det som har kome fram i rapporten ser ikkje me at ein kan klare å gjennomføre innsparinga i sin heilhet og opprettheld difor vårt forslag om å innføre eigedomsskatt i Seljord Kommune.

Agenda Kaupang AS nyttast som rådgjevar i det vidare arbeidet. Styringsgruppa rår kommunestyret til å utvide kostnadsramma for konsulentbistand frå 250.000.- til 300.000.-

Midlar vert løyve frå disposisjonsfondet.

Styringsgruppa si tilråding:

Styringsgruppa rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

I samband med politisk handsaming av Gul bok i desember 2012 vart det avklara at det var naudsynt å betre kommunen sin økonomi. Rådmannen la fram to prinsipielle framlegg:

1. Innføring av eigedomsskatt
2. Tiltak for å auke kommunen sine inntekter og kutte kommunen sine utgifter.

Kommunestyret samla seg om fylgjande vedtak:

"Seljord kommune vil gjennomføre ein grundig gjennomgang av programområde 3, 4, 5 og 1, med målsetting om at ein skal realisere ein innsparing på om lag 3 millionar kroner med årleg verknad frå budsjettåret 2014. Med heimel i kommunelova § 10 nr. 5 opprettar kommunestyret ein komité/styringsgruppe som skal gjennomføre gjennomgangen av programområda og levere ei innstilling til kommunestyret før 1. oktober 2013. Komiteen/styringsgruppa vert sett saman av medlemmane i formannskapet med tillegg av Sosialistisk Venstreparti sitt kommunestyremedlem. Ordføraren er leiar for komiteen/styringsgruppa med varaordføraren som nestleiar."

I fyrste omgang har styringsgruppa sette på programområde 3 (Helse og omsorg). Det er gjennomført ein analyse av firma Agenda Kaupang AS som visar at det er mogleg å ha lågare utgifter i programområdet. I tillegg vil styringsgruppa be rådmannen om å auke inntektene i programområde 3 og 5 i samband med handsaming av Gul bok for

2014-2017. Denne inntektsauka er stipulera til minimum kr. 500.000,- i PO 3 og kr 300.000 i PO 5.

For å realisere ein innsparing på om lag 2,5 millionar kroner vil styringsgruppa tilrå at kommunestyre vedtek å gjennomføre eit prosjekt i to fasar. I fase ein som varar til 1. april 2014 skal det fattast vedtak om organisatoriske endringar og gjennomførast analyser som gjer det mogleg å ta ut ein innsparing på om lag 2,5 millionar kroner innan 1. oktober 2014. Fase to frå 1. april 2014 til 1. oktober 2014 er praktisk omorganisering som realiserer innsparinga.

Omorganisering og innsparing skal byggje på rapporten frå Agenda Kaupang AS, og gjennomførast i samsvar med retningsliner for omstilling i Seljord kommune og gjeldande avtaleverk.

I tillegg vert administrasjonen beden om å vurdere fylgjande område:

- Turnusordningar med vekt på å spare inn ved å legge om turnusen frå kvar 3. til kvar 2. helg
- Alternativ turnus ved Heddelitunet (t.d. Nordsjøturnus)
- Hamarøymodellen for eventuell ombygging av Heddeli bu- og servicesenter

Rådmannen rapporterer om framdrift i arbeidet til formannskap/økonomiutval.

Agenda Kaupang AS nyttast som rådgjevar i det vidare arbeidet. Styringsgruppa rår kommunestyret til å utvide kostnadsramma for konsulentbistand frå kr 250.000,- til kr 300.000,-. Midlar vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Utskrift til: